KOMMUNIKASJONSSTRATEGI FOR PROSJEKTET KOMMUNEREFORM I SUNNHORDLAND

Kommunikasjonsstrategien til kommunereformprosjektet i Sunnhordland er basert på openheit og tydelegheit overfor innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv, media o.a. Det er ein føresetnad for et levande folkestyre. Det inneberer målretta satsing på ekstern og intern informasjon.

Innbyggjardialog

Lokaldemokratiet er grunnleggande. Kommunereformprosjektet vil legge til rette for gjensidig kommunikasjon og dialog mellom innbyggjarane og dei ulike tenestene i kommunen.
Prosjektet vil vurdera kva metodar som er godt eigna til:

- å få fram representativ informasjon
- å skapa dialog
- at innbyggjarane sine standpunkt byggjer på kunnskap og innsikt
- å gje informasjon om styrken i innbyggjarane sine standpunkt og kva argument som er utslagsgjevande

Her vil ein vurdere ulike metodar som;

- Folkeavstemming
- Opinionsundersøkingar
- Utvida folkehøyring, søkekonferansar og visjonsseminar
- Fokusgrupper
- Høyring
- Referansegrupper og innbyggjarpanel

Kommunereformprosjektet vil i prosessen vurdera kva av desse prosjekta ein vil nytta.

Organisering

Prosjektgruppa legg fortløpande ut informasjon om kommunereformprosessen på eiga område på Samarbeidsrådet sine heimesider. Dette blir også kopla mot ei eiga Facebook side.

Prosjektgruppa har ansvar for kommunikasjon om prosessane i prosjektet totalt sett.

Den enkelte kommune har ansvaret for kommunikasjon om prosessen i den enkelte kommune. Det gjeld både informasjon på grunnlag av henvendingar og aktiv informasjon på eiga initiativ internt eller eksternt.

Openheit
Kommunereformprosjektet må sørgja for ein openheitskultur som bidreg til god tilgjengelegheit for media. Prosjektet har ansvar for å legga til rette for – og sjølv delta i – en open og opplyst offentleg samtale.

Media har lik rett til innsyn og alle skal behandlast med respekt og bli tatt godt i mot når dei etterspør informasjon. Som hovudregel bør informasjonen gjerast tilgjengeleg for alle media samstundes.

Ytringsfridom

Tilsette sin ytringsfridom er omfatta av dette alminnelege vernet om ytringsfridomen, og utgangspunktet er at dei har ytringsfridom på lik linje med alle andre.
Dei tillitsvalde er et talerøyr for arbeidstakarane. For dei må difor ytringsfridomen vera stor.